



Gebyrregulativ vatn og avløp

Gebyrutrekning er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.05.1974 og nasjonale/ kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr, samt Forskrift for vann- og avløpsgebyr – Volda kommune 01.01.2020.

1. Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyret skal dekke dei utgiftene vatn og avløp har med å sakshandsame og fysisk knyte til nye abonnentar.

Tilknytingsgebyret er ein fast sum som regulerast kvart år og vedtakast av kommunestyret i desember.

2. Årsgebyr

Årsgebyr ved målt forbruk:

$$\text{Årsgebyr (kr)} = (N) \times \text{abonnementsgebyr (kr)} + \text{målt forbruk (m}^3\text{)} \times \text{pris (kr/m}^3\text{)}$$

Årsgebyr ved stipulert forbruk:

$$\text{Årsgebyr (kr)} = \text{abonnementsgebyr (kr)} + \text{BRA (m}^2\text{)} \times \text{omrekningsfaktor} \times \text{pris (kr/m}^3\text{)}$$

Årsgebyret fakturerast i to terminar per år. Hovudforfall er 31. mai og 30. november.

2.1 Abonnementsgebyr

Abonnementsgebyret skal dekke vass- og avløpstenesta sine forventa kapitalkostnader.

Abonnementsgebyret er ein fast sum som regulerast kvart år og vedtakast av kommunestyret i desember.

For næringsseigedommar eller kombinasjonseigedommar skal abonnementsgebyret multipliserast med ein faktor (N). Faktoren skal baserast på det faktiske forbruket dei siste 5 åra. Om ein ikkje har 5 år med måledata skal ein nytte dei registrerte målingane ein har.

Kategoriar for vassforsyningskapasitet:

Næringskategoriar	Tal fastledd (N)	m ³ låg	m ³ høg
Kategori 1	1	0	300

Kategori 2	3	300	1 000
Kategori 3	6	1 000	3 000
Kategori 4	12	3 000	6 000
Kategori 5	24	6 000	20 000
Kategori 6	50	20 000	50 000
Kategori 7	100	50 000	150 000

2.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert utrekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris nedanfor:

Omrekningsfaktor for bustad er 1,0 og for hytte/fritidsbustad er omrekningsfaktor 0,25.

Einingsprisar for vatn og avløp vert regulert kvart år og vedtakast av kommunestyret i desember.

3. Plomberingsgebyr

Ved plombering av vassforsyning betalar abonnenten eit gebyr. Gebyret dekker kommunens utgifter i samband med plomberinga.

4. Gebyr for kjøp av vatn utan abonnement

Pris (kr) = Fast del (kr) + målt vassmengde (m³) x pris (kr/m³), der fast del skal dekke kommunens kostnader ved ordninga.

Prisen per m³ vatn er same som for forbruksgebyret.

5. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålararen. Vedlikehald av målararen m.m. vert dekkja av vassverket. Det skal betalast ein årleg leige for å dekke desse kostnadane, som varierer med målararen sin storleik etter fylgjande modell:

- ½" - 1 1/2"
- 1 1/2" - 3"
- 3" - 6"

6. Kontrollgebyr

Kommunen kan gjennomføre kontroll av vassmålar samt krevje å få lese av vassmålararen. Det vert også krevje gebyr ved testing av vassmålararen dersom ikkje det ikkje er ein reel feil med målararen.

Kontrollgebyret er eit fast beløp som fastsettast av kommunestyret i desember.

7. Gebyr for mellombels tilknytning

Tiltakshavar som midlertidig vert knytt til kommunen sitt vatn og avlaupsanlegg skal betale

abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, sjå pkt. 2.1 og 2.2.

Tilknytingsgebyr for mellombels tilknytning vert fastsett i kommunestyret i desember.